

**Fra:** Wenche Solheim <Wenche.Solheim@orsta.kommune.no>  
**Sendt:** tirsdag 12. oktober 2021 14:57  
**Til:** KR-Postmottak  
**Kopi:** Ørsta postmottak; Stein Aam; Inger Johanne Løeng  
**Emne:** Innspel frå Ørsta kommune på ny lokal organisering

Den Norske Kyrkja har invitert til ei brei høyring om ny kyrkjeleg organisering, basert på Müller-Nilssen-utvalet si utgreiing. Alle kommunane i Noreg er inviterte til å svare på ein del spørsmål i samband med høyringa og nedanfor følger innspel frå Ørsta kommune.

Namn på høyringsinstans: Ørsta kommune  
Bispedømme: Møre bispedømme  
Kontaktperson: kommunedirektør Wenche Solheim

***Hva er fordeler og muligheter med å etablere felles kirkelig organ på prostnivå der dette prostifellesrådet skal være arbeidsgiverorgan for alle de som arbeider lokalt?***

**SVAR:**

Ein vil få felles arbeidsgjevarlinje til alle medarbeidarane i lokalkyrkja. Prosten eller leiaren i prostirådet vil bli overordna arbeidsgjevar for alle i organisasjonen. Ved vakanser vil arbeidsgjevar ha større fleksibilitet til å styre ressursane i prostiet. Ein vil kunne få tettare samarbeid mellom dei ulike gruppene som arbeider i kyrkja – og slik stimulere til erfaringsutveksling og inspirasjon.

***Hva er ulemper og risikoer med å etablere felles kirkelig organ på prostnivå der dette prostifellesrådet skal være arbeidsgiverorgan for alle de som arbeider lokalt?***

**SVAR:**

Nærleiken til lokalkyrkjene kan vere ei utfordring. Slik kyrkjeleg fellesråd fungerer i dag, så er det kort veg til at ein kan løyse lokale utfordringar, t.d. enkle grep som bør gjerast på eit kyrkjebygg. I dag kan kommunen lett og rimeleg løyse slike småproblem, etter innspel frå lokal kyrkjevevje/fellesråd. Dynamikken mellom sokneråd og fellesråd vil bli endra. Ved at ein no skal velje ein representant til å sitje i prostifellesrådet, vil soknerådsmedlemene lett misse den nære kontakten og oversikten dei har med fellesrådet sitt arbeid i dag. Endringa vil ha større konsekvensar i distrikta enn i meir folkerike strøk. Sjølv om distriktskommunane har fleire interkommunale samarbeid, så kan eit kyrkjeleg organ som strekker seg over fleire kommunar gi nye utfordringar.

***Hvilke tiltak kan iverksettes for å redusere eventuelle uheldige konsekvenser av å etablere kommuneoverskridende prostifellesråd?***

**SVAR:**

Valordninga legg opp til ein representant frå kvart sokneråd. Fleire kommuner har mange sokneråd (opp til 5-6 sokn) og det vil bli svært mange medlemmer i eit prostifellesråd (også sjølv om ikkje det er kommunal representant med). Ei løysing kunne vere at ein heller valde to medlemmer frå det gamle fellesrådsområdet (kommunen) som medlemmer. Nær kontakt mellom administrasjon i prostiet og den lokale kyrkja og kommunen er ein føresetnad for å få ei slik ordning til å fungere.

***Hvilke av de tiltakene som er nevnt nedenfor mener dere er viktig for å opprettholde og videreutvikle en god relasjon mellom kirke og kommune*** (For hvert alternativ: Svar på en skala fra 1-5, der 5 er veldig viktig, mens 1 er helt uviktig)

\* Videreføre en én-til én-relasjon mellom kommune og prostifellesrådet i forbindelse med budsjettprosesser og annet samarbeid mellom kirke og kommune, slik det i dag er det mellom kommunene og fellesrådet. 5 – veldig viktig.

- Skille mellom driftsbudsjett og investeringsbudsjett 5 – veldig viktig

- Styrke kirkens rolle som samskapingsaktør for kommunene 4 – ganske viktig
- Annet; spesifiser:

Det er viktig med god dialog i samband med budsjettarbeidet. Skiljet mellom investering og drift er også avgjerande, og investeringar i enkeltkyrkjer (eller kyrkjegardar) kan ikkje fordelast likt mellom kommunane i samarbeidsområdet, men vere ein særkostnad for den kommunen der kyrkjebygget ligg. Kommunen bør også ha møte- og uttalerett ved debatt om slike tiltak.

**Bør det være kommunal representasjon i prostifellesrådene?** • Ja, med full stemmerett • Ja, men begrenset stemmerett. • Ja, tale- og forslagsrett. • Nei.

**SVAR:**

I utgangspunktet burde ein ha full møte- og stemmerett; men ein ser at dette vil gjere rådet altfor stort og ustyrleg. Det vil også utfordre balansen mellom kyrkjeleg valde tillitsmenn og politisk oppnemnde representantar. Ein avgrensa stemmerett vil nok vere det rette, der kommunane blir involverte samla i budsjettprosessen, og kvar kommune blir involvert ved investeringstiltak knytt til den enkelte lokale kyrkje.

**Andre kommentarer til etablering av prostifellesråd og valgordninger**, herunder forutsetninger og premisser for at dere som kommuner kan ha tillit til at et kommuneovergripende organ kan forvalte de kommunale tilskuddene til Den norske kirkes virksomhet på en god måte.

**SVAR:**

Kommunane har lang erfaring med interkommunalt samarbeid på dette nivået, men det krev at ein har godt innsyn i kva løyvingane går til og at ein føler at ein får mykje att for dei pengane som vert overførte til fellesorganet.

Helsing

**Stien Aam Wenche Solheim**

Ordførar kommunedirektør

Ørsta kommune Ørsta kommune

Mobil 95755788

E-post [Wenche.Solheim@orsta.kommune.no](mailto:Wenche.Solheim@orsta.kommune.no)

Web [www.orsta.kommune.no](http://www.orsta.kommune.no)



ØRSTA KOMMUNE